



Ulike energiovergangar – fossil energikjede

Den fossile energikjeda viser korleis fossile brensel som kol, olje og naturgass kan brukast til å produsere energi. Fossile brensel er det vi kallar ikkje-fornybare energikjelder.

På havbotnen

Dei fossile brensla vart danna over lang tid frå restar av plantar og dyr som har vorte gravlagde under jorda eller under havet.

2



Oljeplattform

Gammelt karbon som ligg under havbotnen, blir pumpa opp på oljeplattformer og sleppt ut i naturen igjen.

3



1



Sol

Alt liv på jorda er avhengig av strålane til sola.

4



Når dei fossile energikjeldene blir brennde, blir det frigjort kjemisk energi. Han blir brukt til å skape rørsleenergi, som driv køyretøy og produserer elektrisitet som menneske bruker i hus og fabrikkar.

Dessverre frigjer forbrenning av desse fossile brennstoffa store mengder karbondioksid til atmosfæren. Dette er eit problem fordi det fører til global oppvarming og klimaendringar. Utslepp av CO₂ frå fossil energi er hovudårsak til den auka drivhuseffekten.